

Saksprotokoll

Utvalg: Fellesnemnda
Møtedato: 24.01.2019
Sak: 4/2019

Arkivsak: 17/2918
Tittel: Politisk organisering i nye Sogndal kommune

Handsaming:

Framlegg frå Karin Vikane (H)

Det skal opprettast eit arbeidsgivarutval.

Det skal gjennomførast minst årleg samtale mellom kommunestyret representert ved arbeidsgivarutvalet (ordførar, varaordførar og leiar opposisjon) og rådmann.

Saker er løn, måloppnåing, samarbeid,- meint som utviklingssamtale.

Framlegget vart røysta over, samrøystes.

Forkortinga AMU blir forveksla med den vanlege forkortinga AMU for arbeidsmiljøutval og må endrast til ADM eller AU.

Teke til orientering.

Tilleggsframlegg frå Sp:

Nytt punkt 18: Politisk organisering skal evaluerast innan utgangen av 2022.

Framlegget vart røysta over, samrøystes.

Framlegg frå SV:

Nytt namn på komitear i punkt 5.

- Komité for kultur, oppvekst og levekår

Framlegget fekk 10 røyster (4 Sp, 3 Sv, 2 H og 1 Krf).

- Komité for miljø og samfunnsutvikling

Framlegget fekk 6 røyster (3 Sv, 2 V, og 1 H).

Framlegg frå Senea Sabanovic (Ap):

Punkt 15 vert endra til:

Det vert oppretta sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, tre medlemmer

Framlegget fekk 14 røyster (5 Ap, 5 Sp, 2 H og 1 Krf).

Endringsforslag frå Venstre:

Det vert oppretta innvandrarråd med 7 medlemmer

Framlegget fekk 15 røyster (5 Ap, 4 Sp, 2 Sv, 2 V, 1 Krf og 1 H).

Framlegg frå Sv:

Støttar prosjektrådmann sitt framlegg at punkt 12. Det vert oppretta Idretts- og friluftslivråd med ni medlemmar, går ut.

Framlegget fekk 6 røyster (3 Sv, 2 V, og 1 H)

Vedtak:

1. Sogndal kommunestyre får 37 representantar. Sogndal kommune skal styrast etter formannskapsmodellen
2. Formannskapet skal ha 9 representantar, i frå Sogndal kommunestyre
3. Det skal vere prinsipp om gjennomgåande representasjon
4. Det vert oppretta eige planutval/forvaltningsutval med 9 medlemmer, med innstillingsmynde til kommunestyre og formannskap
5. Det vert oppretta to faste saksomitear jf. §10 a i kommunelova. Desse komiteane bør vere komité for kultur, oppvekst og levekår og komité for samfunnsutvikling. Komiteane bør ha ni medlemmer kvar. Dei har ikkje vedtaksmynde, men innstillingsrett ovanfor formannskap/kommunestyret
6. Formannskapet vert valstyre
7. Det skal opprettast eit kontrollutval på fem medlemmer. Eit kommunestyremedlem frå opposisjonspartia skal leie kontrollutvalet
8. Det skal opprettast eit administrasjonsutval på fem medlemmer, Ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar, samt to representantar på vegne av hovudsamanslutningane. Rådmann er sekretær for arbeidet (eller den rådmann peikar på)
9. Det vert oppretta råd for eldre, sju medlemmer
10. Det vert oppretta råd for menneske med nedsett funksjonsevne, sju medlemmer
11. Det vert oppretta ungdomsråd, 13 medlemmer
12. Det vert oppretta idretts- og friluftslivråd med ni medlemmar
13. Det vert oppretta innvandraråd, sju medlemmer
14. Det vert oppretta kulturråd, sju medlemmer
15. Det vert oppretta viltnemnd, tre medlemmer
16. Det vert oppretta sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, tre medlemmer
17. Det vert oppretta klagenemnd for eigedomsskatt, tre medlemmer
18. Politisk organisering skal evaluerast innan utgangen av 2022

19. Det skal opprettast eit arbeidsgivarutval.

Det skal gjennomførast minst årleg samtale mellom kommunestyret representert ved arbeidsgivarutvalet (ordførar, varaordførar og leiar opposisjon) og rådmann.

Saker er løn, måloppnåing, samarbeid,- meint som utviklingsamtale.

Valreglar frå kommunelova om kjønnsrepresentasjon bør ligge til grunn.